# LINDÅS KOMMUNE
Planavdelinga

Per Torgersen

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Eli Bjørklid | 09.05.2016 |
| Vår: 14/7309 - 16/12442 | Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no | |

# Gbnr 137/288 Alverneset. Informasjon om vidare saksgang etter at fylkesmannen oppheva vedtaket i sak 006/15.

Det vert vist til tidelgare vedtak og saksgang i denne saka. Me vil i det følgjande gje eit kort resyme over saksgangen, då dette diverre har dratt ut i tid.

04.02.15: Avslag på søknad om deling (plan- og miljøutvalet)
06.03.15: Klage på Plan- og miljøutvalet sitt vedtak
10.06.15: Klage frå Thorgersen avvist i plan- og miljøutvalet
03.09.15: Fylkesmannen i Hordaland opphevar vedtaket
02.12.15: PMU handsamar saka på nytt. Same vedtak som tidlegare handsaming
Edtaket vert ved ein inkurie ikkje sendt til Thorgersen med informasjon om klagerett. Det vert sendt rett til Fylkesmannen.
09.12.15: Fylkesmannen sender saka attende, der dei påpeikar at Thorgersen ikkje har fått høve til å klage på PMU sitt vedtak i møte 03.09.15

«*Dette vedtaket er på noverande tidspunkt ikkje påklaga. Fylkesmannen viser til at vedtaket av 02.12.15 er eit nytt avslag på søknad om frådeling, og dermed er eit nytt enkeltvedtak som kan klagast på, jfr fvl. § 28 jfr. § 2 første ledd, bokstav b).*
*Kommunen må derfor underrette paratane om klagemogelegheiter, dersom dei ikkje allereie har fått opplysningar om dette. Med utgangspunkt i ovannemnde vurdering vert saka etter dette sendt i retur til Lindås kommune for handsaming.*»

22.12.15: Thorgersen klager på PMU sitt vedtak gjort i møtet 03.09.15. Klagen vert sendt inn på bakgrunn av motteken kopi av skriv frå Fylkesmannen dagsett 09.12.15.

På bakgrunn av saksgangen sender Lindås kommune med dette formelt over vedtaket gjort i Plan-omiljøutvalet i møt 03.09.15 (sak 087/15) til orientering. Du kan klage på dette vedtaket innan 3 veker etter at du har motteke dette skrivet.

På bakgrunn av ditt skriv dagsett 22.12.15 reknar me at vedtaket elt er påklaga frå di side. Dersom me ikkje mottek nytt skriv (ny klage) frå deg vil det vere ditt skriv av 22.12.15 som vert lagt fram for PMU til klagehandsaming.

Me seier oss lei for at denne saka ikkje har hatt den framdrifta me ønskjer i delingssaker.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Vedtaksbrev

**Mottakarar:**
Per Torgersen